

BEITETAKSERING 2007

VALHALL

FLÅ
NES
SØR-AURDAL

GOL
HEMSEDAL



Beitetaksering 2007.

ValHall er eit regionsamarbeid om elgforvaltning som omfatter 8 kommunar. Dette er Flå, Nes, Gol og Hemsedal i Hallingdal og Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang i Valdres. Fleire år med sportellingar og observasjonar frå jegerar gjev oss god grunn til å tru at me forvaltar ei felles elgstamme. Utover vinteren samlar det seg mykje elg på austsida av dalføret i Flå, Nes og Gol. Ein del av denne elgen kjem frå Valdres, frå Vang i Nord til Sør-Aurdal i sør. Elgbeitene i desse områda er nærast rasert etter mange år med for hard belastning. Også innan dei andre kommunane er det områder som er hardt belasta. For å få dokumentert tilstanden og kunne fylgje utviklinga har det vorte sett i gang taksering av vinterbeitene til elgen. Sumaren 2006 vart det gjennomført beitetaksering i dei 8 kommunane i ValHall. I Valdreskommunane vart det taksert også i 2005, og har valt å stå over i 2007. Takseringa i 2007 er gjennomført som eit eige prosjekt med økonomisk støtte frå Fylkesmannen i Buskerud og frå viltfonda i kommunane. Takseringa er gjort av grunneigarar/jegerar frå dei ulike kommunane. Alle har vore på beitetakseringskurs og har no taksert i 2-3 år.

Endre Hemsing (skogbrukskonsulent i Vang kommune) som denne perioda er sekretær i ValHall har bearbeida takseringsresultata og skrive rapporten. Det innsamla materialet skal og gå inn i Faun viltforvaltning (Fyresdal i Telemark) si vurdering av elgbestanden i denne regionen. Det kjem ein eigen rapport frå Faun seinare. Materialet frå i år er samanlikna med tilsvarende taksering frå kommunane i fjor. Takseringa føregjekk i mai og juni, antal bestand og antal prøveflater kjem fram i tabellen nedanfor.

Beitetaksering ValHall




Kommune	Antal bestand		Antal prøveflater	
	2006	2007	2006	2007
Flå	8		181	
Nes	8	6	236	181
Gol	20	2	503	60
Hemsedal	12	9	334	269
Sør-Aurdal	14	13	330	300
Nord-Aurdal	13		406	
Vestre Slidre	15		380	
Vang	15		392	
Sum	105		2762	810

Om opplegg og metodikk i takstane





Det er taksert etter same grunnlagsmetodikk i alle områda. Alle har vore på same beitetakseringskurs og det er Knut Solbraa sin metodikk for overvakingstakst som er nytta. Litt variasjon i resultat kan likevel skuldast skjønnet til den enkelte. Dette var andre året med slik takst bortsett frå i Hemsedal (1. år). Det er i hovudsak plukka ut hogstflater i områder som ein veit elgen brukar vinterstid. Det vart i Valdres og taksert nokre vierområder i fjellet. På dei ulike bestanda vart det lagt ut eit fast prøveflateforband som gjev ca 30 prøveflater jamt fordelt over heile bestandet. Kvar prøveflate er på 12, 5m². På kvar prøveflate blir antal, gjennomsnittshøgde og beitegrad for kvar av fylgjande artar ført inn i skjema; furu, bjørk, vier, ROS (rogn, selje og osp) og einer. Berre tre mellom 0,6 og 4 m som har rotfeste innanfor flata blir taksert. Beitegrad blir registrert på ein skala frå 1 til 4. Beitegrad 1 blir brukt der plantene ikkje har vore beita sist vinter, og beitegrad 4 der alle tilgjengelege skot er beita sist vinter. Ut frå desse registreringane blir antall planter pr da, gjennomsnittshøgde og beitegrad




berekna for kvar bestand. I tabellane nedanfor er alle takserte bestand i kvar kommune slege saman til gjennomsnitt for kommunen.

Solbraa skriv i heftet "Veiledning i elgbeitetaksering" at gjennomsnittleg beiteuttak ikkje bør ligge over 30 – 40 % av kvistproduksjon.





Desse tabellane syner andelen beitbare skot i prosent som vart beita sist vinter. Det er stor skilnad kommunane i mellom. Sør Aurdal og Hemsedal skil seg ut for alle takserte artar med mindre beiting. Talmaterialet frå Sør-Aurdal er frå søraustre del av kommunen, eit område som ligg utanfor ValHall. Tek med tala for å samanlikne utviklinga.





Trehøgden vil naturleg nok variere med kor lenge det er sidan bestandet vart hogge, men og vera påverka av beitetrykk. Ein del artar er tydeleg sett attende av beiting, dette gjeld særleg ROS (rogn, osp og selje) som har minst like god vekst som furu og bjørk. På enkelte flater er

desse artane heilt fråverande, det står berre att turre småstammer med tydeleg spor etter hard beiting.



Særleg ROS artane men og furu er på nokre av flatene så hardt beita over mange år at dei no er borte på dei takserte flatene.

Kommentar

ROS, rogn, osp og selje er av dei viktigaste beiteplantane for elgen gjennom vinteren, der dei finst i stort nok antal. Dette er veksevillige artar som er raske til å etablere seg på nye hogstflater. Også desse artane tolar dårleg overbeiting, og har same tolegrensa som andre artar. Etter nokre år med hardt overbeite vil produksjonen av nye skot bli mindre. På mange registrerte hogstflater er desse artane no heilt fråverande. Elgen har beita så hardt over så lang tid at plantene ikkje greier å ta seg og att og tilslutt døyr. Furu er også ettertrakta mat for elgen gjennom vinteren. På denne arten vil overbeiting og ha ein negativ økonomisk konsekvens for skogeigaren. Til hardare det blir beita, desto større blir tapet fordi det blir dårlegare kvalitet på framtidsvirket og det blir lenger å vente på at skogen skal veksa opp att, om han i det heile veks opp. Frå Sør-Aurdal er det i år med tal frå søraustre del av kommunen. Dette er eit areal som ligg utanfor ValHall. Talmaterialet frå Sør-Aurdal er frå eit område som ligg utanfor

ValHall, eit område som soknar til Fluberg-Randsfjorden. Her har det vore kraftig overbeiting tildelegare, men ROS artane er i ferd med å ta seg opp att. Elgbestanden vart for nokre år sidan kraftig redusert, og dette ny ein godt av i dag. Gol, Nes og Flå har kraftig overbeiting av ROS artane. I dei andre kommunane (ikkje taksert i år) ber vegetasjonen på dei takserte flatene preg av jamt hardt beite. Vestre Slidre og Vang har ei betring av beitet dei siste åra, medan Nord-Aurdal har om lag same prosentten i beiteuttak. I Hallingdal skil Flå, Nes og Gol seg ut med hard beiting også på bjørka og på nokre falter og gran. Elgen et vanlegvis ROS artane og furu før han tek bjørk. Dette kan ein dermed tolke slik at det er lite av desse artane som er tilgjengeleg. ROS artane og furu blir i 7 av kommunane (unntak av Sør-Aurdal) beita så hardt at produksjonen av tilgjengeleg kvist blir sett betydeleg attende. Det blir dermed mindre å beite på både gjennom sumaren og til neste vinter. På dei hardast beita flatene var samtlege av furuene beita, bjørka var hardt beita og også ein del av grana.

Ut frå "Sett elg" og felte dyr var elgbestanden på topp i 98-99. Sidan då er bestanden redusert med ca 30 % ut i frå avskyting og sett elg data. Sidan 2004 ser det ut til at det er ein vekst i bestanden att. På dei undersøkte flatene bar plantene preg av hard beiting over mange år. Kanskje hadde plantene tålt dagens beite dersom dei ikkje hadde vorte sett attende av overbeite for nokre år sidan.

I Sør-Aurdal vart elgbestanden kraftig redusert midt på 90 talet. På dei besøkte flatene her hadde bl.a. ROS artane kome att, både frå tidlegare beita stammer, men og frå nye oppslag.

Konklusjon

Resultata frå takseringane syner at beitepresset jamt over er altfor stort. Særleg gjeld dette Flå, Nes og Gol. Hemsedal har resultat som minner meir om øvre Valdres. Også for hard beiting, men det re framleis inne viss tilgang til ROS artar. Dermed er både sumararbeite og vinterbeite forringa i høve til den produksjonsemna desse områda har. Einaste måten å betre tilhøva i desse kommunane er å minske beitepresset. Det er derfor viktig å fylgja utviklinga vidare i åra som kjem.